

Tussa sine kommentarar til Sweco sin rapport: Åmela – vilkårsrevisjon: Oppdatert underlag hydrologi og vurdering minstevassføring

Vi viser til vedlagt tilleggskommentasjon frå Sweco angående kost- nytte vurdering av eventuelle minstevassføringslepp – vilkårsrevisjon – Åmela kraftverk.

Tussa Energi AS har gått gjennom rapporten og har følgande merknadar til rapporten:

- **Vassføring 21. juli 2024.**
- **Val av referansevassdrag.**
- **Eventuell ny anadrom strekning på Nordalselva.**
- **Habitattiltak i Nordalselva og Åheimselva.**

Vassføring 21 juli 2024.

Tussa meiner at Sweco sine berekningar denne dagen er noko for høge. 21 juli var ein av dei tre tørraste dagane for Åmela feltet sommarhalvåret 2024. VTA for kraftverket har over 50 års erfaring frå fjellområdet og ferierte på hytte i fjellet desse dagane. Den 21. Juli var snøsmeltinga ferdig for fleire veker sidan, det hadde vore relativ lang opphaldsperiode, det var fönvind og lyngen var knusktørr. Vassføringa var høgst sannsynleg på verdi lik eller lavare enn 5 percentil sommar for delfelta.

Val av referansevassdrag.

Tussa meiner at Dalsbøvatn og Ullebøelv er dårlig eigna som referansevassdrag for feltet i Åmela som ligg frå 530 moh og oppover, og har ein viss sjøprosent. Dalsbøvatnet er eit lågare felt, havnært og med stor demping oppstraums målestasjonen. Ullebøelv har ein lav sjøprosent, er bratt og lokalisert langt unna Åmela. Før regulering av Åmela, var det ein målestasjon i Nordalselva kalt Brudevoll med døgnverdimåling. Om ynskjeleg kan Tussa bidra med reetablering av målestasjonen og kombinere målingar med fotodokumentasjon.

Eventuell ny anadrom strekning på Nordalselva.

Tussa er svært skeptisk til å leggje til rette for anadrom fisk i øvre del av Nordalselva, då det ikkje er opplysning om at anadrom fisk har forsert fossen ved Sarpen. Det å byggje laksetrappar og føre anadrom fisk inn i nye delar elva som ikkje tidlegare har husa anadrom fisk er ikkje vanleg praksis lenger. I annan samanheng ville vi oppfatte dette som miljøkriminalitet.

21.02.2025

Habitattiltak i Nordalselva og Åheimselva.

Tussa har planar om habitattiltak i Nordalselva og ynskjer å gjennomføre dette tiltaket når konesjonsvilkåra er fastsette. Vi vil også vere positive til å bidra med andre habitattiltak i både Nordalselva og Åheimselva. Slike positive habitatiltak vil vi då kunne bidra med i samarbeid med elveeigarlaga , offentlege instansar og fagekspertise på slike tiltak. Tussa meiner gode habitattiltak vil gjere meir nytte i vassdraga enn tilføring av minstevassføring, og i ein kost-nytte samanheng vil dei føre til lågare samfunnsmessig kostnad og til mindre reduksjon i kraftproduksjon.

Vi håper vedlagt dokumentasjon gir grunnlag for ei kost- nytte vurdering i samband med innstilling til reviderte konsesjonsvilkår for Åmela kraftverk.

Tussa Energi AS – Terje Myklebust